

**Fra:** KIWI 801 FREKHAUG <kiwi.frekhaug@kiwi.no>  
**Sendt:** 30. januar 2015 14:48  
**Til:** Bjarte Buanes  
**Emne:** Sv: Innkalling til førehandskonferanse - gbnr. 23/135 i Meland kommune

den er go!  
takk for det.ser frem til møtet.  
mvh  
gisle skauge

---

Fra: Bjarte Buanes [Bjarte.Buanes@meland.kommune.no]  
Sendt: 30. januar 2015 14:43  
Til: KIWI 801 FREKHAUG  
Emne: Innkalling til førehandskonferanse - gbnr. 23/135 i Meland kommune

B.Hagen Eiendomsselskap AS  
v/Gisle Skauge

Referanser:

Saksbehandlar:

30.01.2015

Dykkar:

Bjarte Buanes

Vår: 15/217 - 15/1876

[bjarte.buanes@meland.kommune.no](mailto:bjarte.buanes@meland.kommune.no)

Innkalling til førehandskonferanse - gbnr. 23/135 i Meland kommune Under tilvising til dykkar e-post til Meland kommune av 23. dm. vert du med dette innkalla til førehands-konferanse ved Meland Rådhus torsdag 5. februar kl. 13.30.

Dersom du ikkje har høve til å stille må du kontakte underteikna for avtale om nytt møtetidspunkt.

Av ovannemnde e-post går det fram at du ynskjer reittleiing om planstatus og regelverk i samband med planlagd ombygging på gbnr. 23/135 i Meland kommune.

Føremålet med ei førehandskonferanse etter plan- og bygningslova § 21-1 er å avklare dei offentleg-rettslege føresetnadane for tiltaket og rammene for den vidare handsaminga. Det er derfor viktig at både kommunen og du som tiltakshavar er tilstrekkelig førebudd innan konferansen vert halde. Eg vil difor rå til at du les gjennom vedlagte sjekklister, då denne lista omfattar dei fleste momenta som det normalt er føremålstenleg å få avklart i samband med ein førehandskonferanse.

Dersom du har situasjonskart, teikningar eller andre opplysningar om det planlagde byggjetiltaket bør du sende dette til meg i god tid før førehandskonferansen, slik at eg er best mogleg førebudd til dette møtet.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes

byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

SJEKKLISTE OG REFERAT FORHÅNDSKONFERANSE BYGGESAK

This e-mail message may contain confidential or privileged information. If you are not the intended recipient, please delete the message and any attachments and notify the sender by return e-mail. You should not retain, distribute, disclose, or use any of the information in this message.